



Årdal, 18.04.2024

Adresseliste

a

Vår ref.
24/860-1

Dykkar ref.

Sakshandsamar
Knut Fredrik Øi,

Arkiv

Høringsbrev – endring av Forskrift om minsteareal for hjort, elg og rådyr, Årdal kommune

Styret i Årdal bestandsplanområde har søkt om endring av det forskriftsfesta minstearealet for rådyr i Årdal kommune. Årdal kommune ønskjer med dette å høyra på endring av minstearealet for rådyrjakt, jamfør forslag til ny lokal forskrift (sjå nedst i dokumentet).

Bakgrunn

Årdal kommune opna for rådyrjakt i 2019. I gjeldande forskrift er minstearealet for rådyrjakt 7500 daa. Omgrepet *minsteareal* har to rettsverknadar:

1. Minstearealet definerer minste samanhengjande areal som kan verta godkjend for rådyrjakt (altså eit «vald»).
2. Minstearealet er utgangspunktet for utrekning av valda sine fellingsløyve.

Styret i Årdal bestandsplanområde har søkt om å endra minstearealet for rådyrjakt i Årdal frå gjeldande 7500 daa til 3500 daa (journalpost 22/5328).

I dag er det 6 godkjende vald med rådyrjakt i Årdal. Dei utgjer ca 121 000 daa. Ved å redusera minstearealet til 3500 daa, kan fleire mindre områder også søkja om rådyrjakt i Årdal.

I perioden 2019-2021 vart det nytta 7500 daa som minsteareal for tildeling av fellingsløyve i Årdal. Dette utgjorde 13 fellingsløyve årleg. I snitt vart det felt 5,3 rådyr årleg i perioden. *Forskrift om forvaltning av hjortevilt* opnar for at ein kommune kan avvika minstearealet med inntil 50% i tildelinga av fellingsløyve. For bestandsplanperioden 2022-2024 vart minstearealet avvike med 50% til 3750 daa. Det vart i perioden difor tildelt 29 fellingsløyve årleg. I 2022 og 2023 var det i snitt felt 7,5 rådyr årleg.

Ved å redusera minstearealet til 3500 daa, kan kommunen tildela eit fellingsløyve i intervallet 1750 daa til 5250 daa (ved å avvika 50% opp eller ned). Med dei godkjende valda i dag, vil dette kunne gi minimalt 21 årlege fellingsløyve på rådyr og maksimalt 67 årlege fellingsløyve. Inntrykket av rådyrbestanden i Årdal er at den framleis er i vekst, trass i eit forsiktig jaktuttak dei siste 5 åra.

Innspel til høyringa

Det er viktig for Årdal kommune å få inn alle meiningar om endringa, både om forslaget vert støtta eller om det føreligg negative konsekvensar som tilseier at endringa ikkje vert støtta.

Me oppmodar relevante aktørar til å oppsummera innspel frå eigne medlemmar slik at det kjem ei samla uttale frå til dømes jakt- og fiskeorganisasjonar eller andre organisasjonar/samanslutningar.

Forslaget om endra forskrift tyder at fleire områder kan verta godkjend for rådyrjakt, samt at det *kan* delast ut fleire fellingsløyve på rådyr i Årdal kommune.

Gjeldande forskrift finn de på <https://lovdata.no/forskrift/2019-06-20-887>

Årdal kommune ber om at høyringspartane sender innspel til:

postmottak@ardal.kommune.no

Høyringsfrist er 20. mai 2024.

Forslag til ny forskrift er som følgjande (endring med utheva skrift):

- § 1. Det er høve til å drive jakt på hjort, elg og rådyr i Årdal kommune.
- § 2. Minsteareal for godkjenning av hjortevald vert fastsett til 1000 daa i valdområde 6 – Vikadalen.
- § 3. Minsteareal for godkjenning av hjortevald vert fastsett til 1500 daa i valdområde 4 – Utladalen.
- § 4. Minsteareal for godkjenning av hjortevald vert fastsett til 1200 daa i valdområde 1 – Offerdalen, 2 – Seim–Hæreid–Nundal, 3 – Fardalen og 5, Moen- Vee-Geisdalen.
- § 5. Minsteareal for godkjenning av elgvald vert fastsett til 10 000 daa.
- § 6. ***Minsteareal for godkjenning av rådyrvald vert fastsett til 3 500 daa.***
- § 7. Denne forskrifta trer i kraft frå det tidspunktet den er kunngjort i Norsk Lovtidend. Samstundes vert forskrift 06. juni 2019 nr. 887 om minsteareal for hjort, elg og rådyr, Årdal kommune, Sogn og Fjordane oppheva.

Brevet er sendt på e-post til:

-Valdansvarlege i Årdal kommune

-Årdal jeger- og fiskeforening

Med helsing

Knut Fredrik Øi

Sakshandsamar Felles Landsbrukskontor ÅLA

